



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
10/24	Formannskapet	30.01.2024
05/24	Kommunestyret	08.02.2024

### Utkast til alkoholpolitisk handlingsplan på høyring

#### Samandrag:

Kommunane har eit ansvar for å utforme sin eigen lokale alkoholpolitikk, innanfor alkohollova sine rammer. Som ein konsekvens av dette pliktar kommunen å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan, jf. alkohollova § 1-7d.

Eksisterande plan går ut i 2024 og ny plan må vedtakast før kommunestyret skal ta stilling til val av fornyingsprosess for gjeldande sals- og skjenkeløyve i kommunen.

Gitte løyver løper maksimalt til 30. september året etter at nytt kommunestyre har tilrådt, jf. alkohollova § 1-6. Kommunestyret har då høve til å påverke korleis alkohol- og løyvepolitikken skal vere dei neste fire åra.

Utkast til ny alkoholpolitisk handlingsplan er omtalt i saksramlegget og kommunedirektøren ber om at utkastet vert sendt på høyring.

Kommunedirektøren ber vidare om at varigheita til eksisterande sals- og skjenkeløyve i kommunen vert klårgjort. Det vert føreslått at gjeldande løyver løper til 30. september i år, i tråd med hovudregelen i alkohollova.

Ved inngangen til ny løyveperiode har kommunen moglegheit til å vedta at løyva ikkje skal opphøre, men løpe vidare for ei periode på inntil fire år etter ein gjennomgang av alkoholpolitikken i kommunen. Kommunedirektøren vil i saksframlegget gjere greie for kva fornyingsprosess ein truleg vil føreslå i samband med den endelege vedtakinga av alkoholpolitisk handlingsplan.

### Kommunestyret 08.02.2024

#### Behandling:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

#### KOM - 05/24 Vedtak

1. Utkast til alkoholpolitisk handlingsplan vert lagt ut til høyring. Kommunedirektøren set ein passende frist for å kome med innspel til utkastet og får mynde til å gjere mindre språklege endringar.

2. Etter at høringa er avslutta vert planen lagt fram for uttale i fellesrådet, formannskapet og ungdomsrådet før den vert behandla i levekårsutvalet og kommunestyret. Levekårsutvalet og kommunestyret vil i samband med behandlinga av planen vurdere val av fornyingsprosess for gjeldande sals- og skjenkeløyve.
3. Gjeldande sals- og skjenkeløyve varer til og med 30. september 2024, jf. alkohollova § 1-6 første og andre avsnitt.

## **Formannskapet 30.01.2024**

### **Behandling:**

Tilleggspunkt, foreslått av Hanne Notøy, Arbeidarpartiet

Tillegg i punkt 2.

Legge til formannskap som høyringsorgan

Tilleggspunktet frå Hanne Notøy (Ap) vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding med endringa vart samrøystes vedteke.

### **FOR - 10/24 Vedtak**

1. Utkast til alkoholpolitisk handlingsplan vert lagt ut til høyring. Kommunedirektøren set ein passende frist for å kome med innspel til utkastet og får mynde til å gjere mindre språklege endringar.
2. Etter at høringa er avslutta vert planen lagt fram for uttale i fellesrådet, formannskapet og ungdomsrådet før den vert behandla i levekårsutvalet og kommunestyret. Levekårsutvalet og kommunestyret vil i samband med behandlinga av planen vurdere val av fornyingsprosess for gjeldande sals- og skjenkeløyve.
3. Gjeldande sals- og skjenkeløyve varer til og med 30. september 2024, jf. alkohollova § 1-6 første og andre avsnitt.

### **Kommunedirektøren si tilråding:**

1. Utkast til alkoholpolitisk handlingsplan vert lagt ut til høyring. Kommunedirektøren set ein passende frist for å kome med innspel til utkastet og får mynde til å gjere mindre språklege endringar.
2. Etter at høringa er avslutta vert planen lagt fram for uttale i fellesrådet og ungdomsrådet før den vert behandla i levekårsutvalet og kommunestyret. Levekårsutvalet og kommunestyret vil i samband med behandlinga av planen vurdere val av fornyingsprosess for gjeldande sals- og skjenkeløyve.
3. Gjeldande sals- og skjenkeløyve varer til og med 30. september 2024, jf. alkohollova § 1-6 første og andre avsnitt.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, 30.01.2024 - 10/24

1. Utkast til alkoholpolitisk handlingsplan vert lagt ut til høyring. Kommunedirektøren set ein passende frist for å kome med innspel til utkastet og får mynde til å gjere mindre språklege endringar.
2. Etter at høringa er avslutta vert planen lagt fram for uttale i fellesrådet, formannskapet og ungdomsrådet før den vert behandla i levekårsutvalet og kommunestyret. Levekårsutvalet og kommunestyret vil i samband med behandlinga av planen vurdere val av fornyingsprosess for gjeldande sals- og skjenkeløyve.
3. Gjeldande sals- og skjenkeløyve varer til og med 30. september 2024, jf. alkohollova § 1-6 første og andre avsnitt.

## Vedlegg:

Brev frå Helsedirektoratet - sal av alkohol frå sjølvbetente kasser og butikkar  
E-post frå Helsedirektoratet - skjenking og universell utforming  
Universell utforming og skjenkebevilling - brev datert 11.03.2021  
Alkoholpolitisk handlingsplan 2020-2024  
Statsforvaltaren i Agder - lovlegheitskontroll minstelønn  
Krav om almenngjort lønn ved tildeling av skjenkebevilling - til kommuner  
Svar på førespurnad om tariffønn og alkoholloven.pdf  
Utkast alkoholpolitisk handlingsplan 2024-2028

## Saksopplysningar:

### 1. Innleiing

Kommunen skal utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan, jf. alkohollova § 1-7d. Planen skal fastsette kommunen sin løyvepolitikk, som skal gjennomføre alkohollova sitt føremål om å redusere dei individuelle og samfunnsmessige skadane som alkoholbruk kan medføre. Planen skal reviderast i kvar kommunestyreperiode.

Folkehelseinstituttet sine heimesider inneheld nyttige tal og faktagrunnlag når det gjeld alkoholbruk, sjå [Alkohol og andre rusmiddel - FHI](#). Folkehelseinstituttet oppsummerer hovudpunkta slik:

- Vi drikk i gjennomsnitt over 7 liter rein alkohol per år, rekna per innbyggjar over 15 år.
- Det registrerte forbruket auka kraftig frå 1990 og fram til 2008, men har deretter gått noko ned.
- Menn drikk oftare og i gjennomsnitt dobbelt så mykje alkohol som kvinner.
- Eldre drikk oftare, men mindre alkohol enn yngre.
- Vi drikk vesentleg mindre alkohol i Noreg enn i dei fleste europeiske land, rekna per innbyggjar på 15 år og over.
- Cannabis er det mest brukte narkotiske stoffet i den norske befolkninga.
- Bruk av alkohol og ulovlege rusmiddel er blant dei viktigaste risikofaktorane for død og tapte friske leveår i befolkninga.
- Alkohol er årsak til betydeleg meir helsemessige og sosiale problem i samfunnet enn narkotika. Det er ingen skarpe skilje mellom bruk og skadeleg bruk.

Totalforbruket er ein god indikator på kor mange som har eit høgt alkoholinntak, og med det auka risiko for helseskader og sosiale utfordringar.


I Ulstein er det 10 aktive skjenkeløyve og 7 salsløyve. Oversikt over gjeldande sals- og skjenkeløyve er ålment tilgjengeleg på Helsedirektoratet sine nettsider: [Tobakkssalgs- og Bevillingsregisteret](#). Vi gjer merksam på at skjenkeløyvene ikkje automatisk fell vekk sjølv om verksemda opphører. Kommunen har høve til å drage inn skjenkeløyve som ikkje er nytta det siste året, jf. alkohollova § 1-8 fjerde avsnitt og vil følgje opp dette ovanfor dei sals- og skjenkestadane det gjeld.

Under følger ei oversikt over seld og skjenka alkohol i Ulstein kommune i perioden 2019-2022:

Skjenking	2019	2020	2021	2022
Alkoholgruppe 1	38 960	26 409	32 281	34 569
Alkoholgruppe 2	18 348	9140	8375	9511
Alkoholgruppe 3	669	446	1004	1321
<b>Sal i butikk</b>	<b>418 780</b>	<b>387 786</b>	<b>387 103</b>	<b>308 380</b>

Når det gjeld alkoholbruk hos unge viser vi til kapittel 11 i ungdata-undersøkinga i Ulstein kommune frå 2022, sjå [PowerPoint-presentasjon \(ungdata.no\)](https://www.ulstein.kommune.no/ungdata):

**Kor mange gonger i løpet av det siste året har du vore rusa på alkohol? Ulstein kommune og nasjonalt**



## 2. Forslag til ny alkoholpolitisk handlingsplan på høyring

Vedlagt saksframlegget ligg gjeldande plan og forslag til ny plan. Gjeldande alkoholpolitisk handlingsplan er i stor grad føreslått vidareført.

Enkelte spørsmål og forslag til endringar er nærmare omtalt under. Det er ikkje sett fram forslag om endring i sals- og skjenketider.

### 2.1. Ubetente butikkar og kasser

Helsedirektoratet sendte den 22. oktober 2021 eit brev til alle kommunar som gjeld problemstillingar knytt til korleis sal frå ubetente kasser og butikkar kan oppfylle alkoholovgivinga sine reglar om alderskrav, tidsgrenser og forbudet mot sal til openbart påverka personar. I uttalen konkluderer med direktoratet at sal av alkohol frå ubetent butikk ikkje er i samsvar med regelverket og det vert også stilt krav til korleis slikt sal kan skje frå utbetente kasser i betente butikkar. Vi viser særleg til følgjande i uttalen:

*«På bakgrunn av det ovenstående er det direktoratets vurdering at salg av alkoholholdig drikk fra ubetjent butikk vil være en salgsform som krever endring i regelverket.*

*Salgsstedet har selv ansvar for å påse at alkoholovens regler etterleves. Dersom salgsstedet ikke har tilstrekkelige rutiner for å overholde forbudet mot salg til åpenbart påvirkede personer, vil dette utgjøre et brudd på forsvarlighetskravet i alkoholoven § 3-9. I henhold til alkoholforskriften § 10-3 første ledd skal i utgangspunktet et slikt brudd føre til ileggelse av åtte prikker og i ytterste konsekvens inndragning av bevillingen.*

*Dersom manglende kontroll av ruspåvirkning har medført salg til åpenbart påvirkede personer, vil dette utgjøre brudd på alkoholoven § 8-11 og alkoholforskriften § 3-1. Slike brudd skal medføre ileggelse av fire prikker. Direktoratet vil i tillegg bemerke at brudd på alkoholoven er straffbart, jf. alkoholoven kapittel 10. Direktoratet vil også påpeke også at når alkoholovens vilkår for å tildele bevilling er oppfylt, er det opp til kommunen, på fritt skjønn, å bestemme om bevilling skal gis. Dette innebærer imidlertid ikke at en kommune kan sette*

*alkohollovens bestemmelser til side og innvilge kommunale salgsbevillinger som strider imot regelverket.»*

Vi viser også til direktoratet sitt brev av 28. november 2019, der det går fram at:

*«Forbudet mot salg og utlevering av alkoholholdig drikk til personer som er åpenbart påvirket kan etter direktoratets vurdering ikke ivaretas ved at det alene benyttes ubemannede, tekniske løsninger i betalingssituasjonen der gjennomføring av salget skjer. Forbudet innebærer med andre ord at bevillingshaver eller dennes ansatte må foreta en konkret vurdering av hvorvidt kunden det selges alkoholholdig drikk til er åpenbart påvirket av rusmidler»*

Brev fra Helsedirektoratet er vedlagt.

Kommunedirektøren foreslår difor at det vert tydeleggjort i alkoholpolitisk handlingsplan at det ikkje vert gitt salsløyve for alkohol til ubetente butikkar. Dette er innarbeida i utkastet punkt 5.1.1.

Dersom butikken har betening, men har ubetente kasser, er det i utkastet punkt 5.1.4 presisert at slikt sal/utlevering berre kan skje dersom det er personale til stades, og det er vidare stilt krav til internkontrollrutinar.

## 2.2. Salsløyve for enkelthøver og gebyr for enkelthøver

### *Kort om skjenkeløyve for enkelthøver og gebyr*

Alkohollova opnar for at kommunen kan innvilge løyve til sal og skjenking av alkohol i enkelthøver.

Ulstein kommune sin alkoholpolitiske handlingsplan regulerer skjenkeløyve for enkelthøver, men ikkje salsløyve for enkelthøver. Kommunedirektøren er gitt mynde til å avgjere saker om skjenkeløyve for enkelthøver (1-6 dagar).

Gebyr for sals- og skjenkeløyve skal betalast etter ulike satsar for sal og skjenking, rekna etter omsett vareliter alkohol, jf. alkoholforskrifta § 6-1. Minimumsgebyret for skjenking er uavhengig av omsetning sett til kr. 6100 per år (2024). Kommunen kan i særlege tilfelle bestemme at gebyret skal setjast lågare.

Det er i planen punkt 6 føreslått at gebyr for skjenkeløyve ved enkelthøver vert vidareført (1200 kroner for dag 1 og 500 kroner per påfølgande dag). Dette har vore likt i alle kommunane på Søre Sunnmøre.

### *Forslag om salsløyve ved enkelthøver og gebyr*

I utkast til alkoholpolitisk handlingsplan er det i punkt 5.1.5 lagt inn forslag om det også kan søkast om salsløyve for enkelthøve, slik lova opnar for.

Når det gjeld gebyr for salsløyve ved enkelthøve meiner kommunedirektøren at det skal setjast lågare enn gebyret for skjenkeløyve for enkelthøve. Bakgrunnen for det er at minimumsgebyret for salsløyve per år i 2024 er kr. 1960. Kommunen kan vidare i følge alkoholforskrifta § 1-6 bestemme at gebyret i særlege tilfelle skal vere lågare, men ikkje høgare.

Det er difor føreslått at gebyr for salsløyve ved enkelthøver er 400 kroner for dag 1 og 150 kroner per påfølgande dag.

## 2.3. Oppmoding om ålmenggjort minsteløn som vilkår for skjenkeløyve

Alle som utfører arbeid i ein overnattings-, serverings-, eller cateringverksemd skal ha minstelønn. Det er Arbeidstilsynet som har ansvar for å kontrollere og handheve føresegner om minstelønn.

Ulstein kommune har motteke eit brev med oppmoding om ålmenngjort løn ved tildeling av skjenkeløyve frå fellesforbundet sine avdelingar i Møre og Romsdal. Brevet er vedlagt. Det går fram av brevet at fellesforbundet:

«- *Oppfordrer politiske parti i Møre og Romsdal om å få følgende innarbeidet i kommunenes alkoholpolitiske handlingsplan: "At det settes som vilkår for skjenkeløyve, at innehaver må sørge for at lønsvilkårene minst skal være i samsvar med det som er allmenngjort.»*  
- *Ber kommuner i Møre og Romsdal om å få følgende innarbeidet i kommunenes alkoholpolitiske handlingsplan: "At det settes som vilkår for skjenkeløyve, at innehaver må sørge for at lønsvilkårene minst skal være i samsvar med det som er allmenngjort.»*  
- *Ber om at bestemmelsen tas inn forskriften som skal vedtas av kommunestyrene.»*

Kommunedirektøren meiner det er viktig å sikre ålmenngjort løn i utelivsbransjen. Temaet reiser spørsmål om mellom anna heimelsgrunnlaget for slike vilkår, forholdet til Arbeidstilsynet og korleis kommunen effektivt kan sikre etterleving.

Statsforvaltaren i Agder konkluderte i vedtak av 26. februar 2021 med at det ikkje var lovleg å stille vilkår om krav til minstelønn for dei tilsette, verken etter serveringslova eller etter alkohollova (sjå vedlegg).

Departementet har i brev av 15. november 2023 til Oslo kommune uttala seg om tarifføløn og alkohollova. Departementet viser til at alkohollova på generelt grunnlag ikkje bør brukast til å ivareta andre føremål enn å avgrense skadeverknadane av alkohol. Utgangspunktet er difor at det ikkje er høve til å vektlegge brot på kravet om allmenngjort lønn dersom dette skjer av reine arbeidspolitiske omsyn. Departementet viser likevel til at kommunen kan vektlegge brot på minsteløn i vurdering av om skjenkeløyve skal verte gitt, men då som eitt av fleire moment som indikerer useriøs og uforsvarleg drift, jf. alkohollova § 1-7a. Føresetnaden er at dette har "en klar alkoholpolitisk begrunnelse".

Det er likevel framleis knytt usikkerheit til rettstilstanden rundt det å stille krav om minsteløn for eit skjenkeløyve og korleis kommunen kan sikre effektiv etterleving av eit slikt krav.

Eit alternativ er å krevje ei stadfesting om betaling av ålmenngjort minstelønn. Slik kan kommunen bevisstgjere søkar om kravet og tydeleggjere at kommunen ventar at ålmenngjeringsforskrifta vert følgt i perioden 2024-2028. Forslaget går fram av planen punkt 4.4.2.

Kommunedirektøren ønsker høyringsinstansane sitt syn på dette spørsmålet.

#### 2.4. Menneske med nedsett funksjonsevne

Ulstein kommune har fått eit brev med oppmoding om å krevje universell utforming for å innvilge skjenkeløyve frå Norges Handikapforbund. Kravet om universell utforming skal sikre at alle kommunen sine innbyggjarar får tilgang til felles sosiale arenaer.

Når det gjeld spørsmål om heimelsgrunnlag for krav om universell utforming har Helsedirektoratet i ein e-post (vedlagt) skildra følgjande:

«*Etter Helsedirektoratets vurdering vil kommunen også kunne stille krav om at offentligrettslige krav som følger av andre lover, herunder krav om universell utforming, er oppfylt før bevilling innvilges. Imidlertid vil etterfølgende brudd på slike forutsetninger normalt ikke gi grunnlag for inndragning av salgs- og skjenkebevillinger, da det i så fall kreves en tettere forankring i lovens formål eller konkrete bestemmelser i alkoholloven.»*

Administrasjonen meiner det er viktig med auka merksemd når det gjeld universell utforming, og at ein ser på løysingar som gjer at alle kan besøke kommunen sine serveringsstadar. Det er difor innarbeidd i planen punkt 4.4.2 at søkar skal gjere greie for universell utforming på søknadstidspunktet.

Det er vidare ei utfordring i samband med behandling av skjenkeløyve at kommunen truleg ikkje kan handheve eventuelle brot på kravet til universell utforming med heimel i alkohollova. Kravet vil vere naturleg å handheve i medhald av plan- og bygningslova ved eventuelle søknader om bruksendring.

### **3. Vidare saksgang og høyringsinstansar**

Kommunane på Søre Sunnmøre samarbeider om nytt utkast til alkoholpolitisk handlingsplan. Arbeidet med utkastet til ny alkoholpolitisk handlingsplan er ikkje heilt ferdig. Då alkoholpolitisk handlingsplan må sendast på høyring snarast ber kommunedirektøren om godkjenning til å sende utkastet på høyring.

Kommunedirektøren føreslår at utkastet til alkoholpolitisk handlingsplan vert lagt ut på kommunen sine heimesider, og elles sendt til mellom anna følgande høyringsinstansar:

Sals- og skjenkestadane i kommunen  
Møre og Romsdal politidistrikt ved Ulstein og Hareid politistasjon  
NAV  
Ulstein Næringsforum  
Ulstein kommune ved kommuneoverlege, teknisk etat, teneste for psykisk helse og rus  
Politiske råd og utval i Ulstein kommune (fellesrådet, ungdomsrådet, levekårsutvalet og teknisk utval)

Kommunedirektøren set ein passeleg frist for å kome med innspel til utkastet og ber om mynde til å gjere mindre endringar.

### **4. Varigheita til gjeldande sals- og skjenkeløyve**

Dei løyver som vart fornya ved førre kommunestyreperiode gjeld i følge kommunestyrevedtak av 28. mai 2020 i «fire år frå vedtaksdato». Det inneber at det kan synast som om desse løyva utløper 28. mai 2024.

Løyva som gjaldt før 2020 hadde utløp 30. september 2020. I brev der kommunen henta inn nye søknader frå sals- og skjenkestadane, går det fram at perioden vil vere 1. oktober 2020 til 30. september 2024:

«På grunn av nytt kommunestyre må alle som ønskjer å skjenke alkohol i perioden 1.10.2020 -30.9.2024 søke om nytt løyve.»

I direktoratet sine merknader til alkohollova § 1-6 andre ledd, går det fram at:

*«Hovedregelen er at bevillingene opphører senest 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer og at bevillingshaverne må søke om fornyet bevilling, se imidlertid punkt 1.6.2.4 om unntak fra denne hovedregelen.»*

Når ordlyden i gjeldande sals- og skjenkeløyve vert lest i samanheng med bakgrunnen for å innhente nye søknader frå sals- og skjenkestadane, innhaldet i alkohollova § 1-6 andre ledd, førearbeida og direktoratet sine merknader, meiner kommunedirektøren det er forsvarleg å legge til grunn at gjeldande sals- og skjenkeløyve i kommunen løper ut 30. september 2024.

For å unngå tvil om dette vil det likevel vere føremålstenleg at kommunestyret treff vedtak om at gjeldande løyver gjeld til og med 30. september 2024.

## **5. Val av fornyingsprosess**

Alkohollova har reglar som gjer at den enkelte kommune kan vedta at gjeldande løyver ikkje skal opphøyre, men skal løpe vidare i ei ny periode på fire år.

Ved fornying av løyver i 2020 behandla Ulstein kommune alle sals- og skjenkeløyve på nytt.

Kommunedirektøren vil truleg føreslå at gjeldande salsløyve skal løpe vidare i ei ny fireårsperiode i same møte som alkoholpolitisk handlingsplan vert vedteke.

Vidare vert det truleg føreslått at gjeldande skjenkeløyve skal løpe vidare i ei ny fireårsperiode. Dette med unntak for eventuelle skjenkeløyve der det kan ha skjedd ei endring i driftskonseptet. Bakgrunnen for eit slikt unntak er at det uansett skal søkast om nytt skjenkeløyve dersom driftskonseptet vert endra. Vi har for tida ein dialog med eigarane av Brygga Sportsbar AS når det gjeld kva driftskonsept skjenkestaden ser føre seg i løyveperioden 2024-2028.

Kommunedirektøren vil vidare sørgje for at lovkrav og vilkår, som kravet om uklanderleg vandel, vert ivareteke i løpet av fireårsperioden.

Ved ei slik fornying kan kommunen kanalisere ressursar til ei grundigare oppfølging gjennom kontroll og dialogbasert samarbeid for å sikre etterleving av alkohollova.

Verner Larsen  
kommunedirektør

Rebekka Valde Bjørndal  
jurist